



Saksframlegg

Søknad om ekstra tilskot til 17. mai komiteen 2026

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|----------|
| Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg | | |

Endeleg vedtaksrett i saka har OKO utvalet

Dokument i saka:

Søknad frå 17. mai komiteen av 06.02.2026

Samla saksframlegg søknad om stønad til 17. mai komiteen 2025

Bakgrunn for saka:

17. Mai komiteen får årleg tilskot på kr 6.500,- frå kommunen. Dei bad i 2024 og 2025 om at kommunen kan vurdere å auke tilskotet. Det faste tilskotet til 17 mai komiteen har vore uendra i mange år, og blir løyvd frå kulturmidelpotten 1263 som og går til lag og organisasjonar i Fyresdal. De fekk tilleggslyving i 2024 og 2025, men løyving frå OKO utvalet sin disponible pott.

Summen som er avsett til kulturmidlar har vore uforandra sidan 2017 er på kr. 442 000,-. Tidlegare har det blitt gjort vedtak som får konsekvensar for tildelinga, dette er dei utbetalingane som ligg inne som faste tiltak. I 2025 var dei faste tiltaka totalt kr. 242.423 og resten på kr. 199.507 blir fordelt til lag og foreiningar. Beløpet til fordeling blir redusert årleg, fordi tilskot til Vest-Telemark Museum er indeksregulert, og aukar kvart år. Søknadane blir delt inn i kategoriane: idrettslag, grendehus og andre lag. Barn og unge blir prioritert jfr. Retningsliner for tildeling.

17. mai komiteen søkte som sagt om ekstra midlar også i 2025, og fekk det. OKO utvalet gjorde då fylgjande vedtak:

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 03.04.2025

Fyresdal kommune løyver kr 15.000,- til 17. mai komiteen for 2025, fordelt slik: Kr 6.500,- med fordeling frå kulturmidlar 1 263 470 Kr 8.500,- OKO utvalet sin disponible pott 1 113 470, og restsum i potten blir då kr 57 500,-.

I vurderinga i same sak sto det og fylgjande:

Då vi ikkje greidde å auke kulturmidlane i budsjettet for 2025, tenker ein at saka må vurderast grundig på nytt. Noverande tilskot for å få til eit så stort arrangement som 17. mai og folkefesta er for lite. Det er ynskjeleg å gå inn med fleire midlar.

Ein tenker det då er naturleg at 17 mai komiteen for 2025 får eit tilskot får OKO – utvalet sin pott, og at ein jobbar for å få auke potten til kulturmidlar for 2026, slik at dette ikkje fører til ein reduksjon av tilskotet til andre lag og organisasjonar på sikt.

Kommunedirektøren vurderer det slik at OKO utvalet ynskjer det same i år som i fjor, og greier derfor ikkje ut om økonomi og rekneskap for dei seiste åra sine 17. mai arrangement.

Det er behov for auka tilskot, og det blei tydeleg signalisert i 2025.

Samla pott til lag og foreiningar er derimot ikkje auka i årets budsjett, og eit fast auka tilskot til 17. mai komiteen vil då framleis redusere tilskot til lag og organisasjonar som tidlegare omtalt.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler

Det er behov for fast auke av tilskotet til 17. mai komiteen, tilskotet bør årleg ligge på kr 15.000,- det vil seie 8.500,- meir enn det som ligg inne no.

Tilskot til lag og organisasjonar er ikkje auka i budsjettet for 2026, dersom ein vel ein auke av tilskotet til 17.mai komiteen vil det gå utover tilskot til andre lag og organisasjonar.

Ein eventuell auke av tilskotet bør derfor gå av OKO utvalet sin disponible pott.

Konklusjon:

Fyresdal kommune aukar løyvinga til 17. mai komiteen med kr 8.500,-, til totalt tilskot kr 15.000,- for 2026.

Auka på kr 8.500,- blir løyvd frå OKO utvalet sin disponible pott.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 15.000,- til 17. mai komiteen for 2026, fordelt slik:

Kr 6.500,- med fordeling frå kulturmidlar 1 263 470

Kr 8.500,- OKO utvalet sin disponible pott 1 113 470,

og restsum i potten blir då kr 88 500,-.

| | |
|-----------------|-----------------------|
| Ulf Pedersen | |
| Kommunedirektør | Hilde Martini Momrak |
| | avdelingsleiar kultur |